

# Referat frå årsmøte i Bømlo Teater 09.03.12

*Stad: Teaterkaféen, Urangsvåg*

*Frammøtte: 33 stk. (inkludert styret)*

*Årsmøtet starta: 19:00*

## **Godkjenning av innkalling:**

Innkalling på [www.bml.no](http://www.bml.no), og som annonse i Bømlo-Nytt 17. februar

*Vedtak: Innkalling godkjent- samrøystes*

## **Val av møteleiar:**

Styrets forslag: Linda Hellen

*Vedtak: Styrets forslag vedteke – samrøystes*

## **Val av referent:**

Styrets forslag: Bjørn Håvard Bjørklund

*Vedtak: Styrets forslag vedteke – samrøystes*

## **Godkjenning av dagsorden:**

Styrets forslag: Årsmøtet godkjenner dagsordenen.

*Vedtak: Vedteke – samrøystes*

## **Årsmelding:**

Linda Hellen las opp årsmeldinga for rapporteringsåret. Følgjande punkt vart kommentert/tilføyd:

- Føye til på Little Torolv: .. og Bømlo barne- og ungdomsteater
- Mostraspelet 2012

Styrets forslag: Årsmøtet godkjenner årsmeldinga for 2011

*Vedtak: Godkjent med framkomne korreksjonar – samrøystes*

## **Rekneskap:**

Linda Hellen la fram rekneskapen for BML for rapporteringsåret og forklarte framstilling og detaljane bak hovudsummane.

Styrets forslag: Årsmøtet godkjenner rekneskapen for Bømlo Teater med vilkår om at intern revisjon godkjenner rekneskapen i etterkant av årsmøtet.

*Vedtak: Vedteke med etterhald om godkjenning av intern revisjon innan 01. Mai.– samrøystes*

## **Val**

Styrets samansetjing i rapporteringsåret:

- |                           |              |
|---------------------------|--------------|
| 1. Linda Hellen – leiar   | På val       |
| 2. Bjørn Håvard Bjørklund | På val       |
| 3. Frank Schmidt          | Ikkje på val |
| 4. Cathrine Nesse Aakre   | På val       |
| 5. Vanja Espeland         | Ikkje på val |
| 6. Sigurd Lars Haldorsen  | Ikkje på val |

## **Vara-medlemmar:**

- |                       |        |
|-----------------------|--------|
| 1. Marianne Pleym     | På val |
| 2. Steinar Halleraker | På val |

## **Valnemnda har bestått av:**

- |                               |
|-------------------------------|
| 1. Kjell Arne Røksund (Leiar) |
|-------------------------------|

2. May Liss Larsen
3. Finn Bakke

Valnemnda sitt forslag til nytt styre:

1. Linda Hellen – leiar
2. Marianne Eidesvik
3. Frank Schmidt
4. Cathrine Nesse Aakre
5. Vanja Espeland
6. Sigurd Lars Haldorsen

Vara-medlemmar:

1. Marianne Pleym
2. Steinar Halleraker

*Vedtak:* Godkjent – samrøystes

Forslag til ny valnemnd:

1. Bjørn Håvard Bjørklund
2. Hanne Jacobsen
3. Asgeir Totland

*Vedtak:* Vedteke – samrøystes

Revisorar:

1. John Olav Habbestad
2. Frode Larsen

*Vedtak:* Vedteke – samrøystes

### **Budsjett 2012**

Styrets forslag: Årsmøtet godkjenner framlegget til budsjett for 2012.

*Vedtak:* Vedteke – samrøystes

### **Årsplan 2012 og program 2012-2016**

På vegner av kunstnarleg team presenterte Bjørn Håvard Bjørklund teamet sitt framlegg til årsplan 2012 og program for 2012-2016. Årsmøtet hadde følgjande innspel til styret si vidare handsaming av framlegget:

- Innspelt frå styret for Tora Mostrastong om å få skrive eit stykke basert på “Tora-dråpen” må følgjast opp tilknyting til Moster amfi må vektleggjast
- Positivt at “Sverdet og Krossen” vert teken opp att
- Kjem kommunen til å markere nasjonale jubileum i 2014? Kva med Moster Amfi?
- BT bør vurdere å utvikle fleire tilbod til DKS, DKspaserstokken, DKNisteskken, DKBæremeißen

### **Medlemskap i Bømlo Teater (Innmeld sak)**

Følgjande forslag var meldt inn som sak:

*“Med ny organisasjon og ulik praksis i tidlegare organisasjoner for å registrere medlemskap, er det nødvendig å konkretisere kva kriterie er for å være medlem i Bømlo Teater. Dette er viktig for å få ein oversikt over medlemmene - og for å kunne gje medlemmene våre den service dei har krav på.”*

*Forslag :*

*Innføre ein medlemskontigent.*

- *Fult medlem 200,- pr stk pr år*
- *Barn / student 150,- pr stk pr år*
- *Støttemedlem 100,- pr stk pr år*

*Innføre et medlemsregister der ein kan registrere kvar enkelt's interesse innen teater/musikal/teknisk/sminke/kostyme/rekvista. På denne måten kan me og gå ut og forhandle fram rabattavtaler for våre medlemmer / støttemedlemmer."*

I debatten kom følgjande moment fram:

- Bra med ordning for støttemedlemmar, men komplisert utan føringar
- Summane i forslaget er underordna
- Stor medlemsmasse. Intensjonen med forslaget er å skaffe oversikten over folk og kapasitet.
- Veit me kven medlemmane er vert identiteten tydelegare
- Beslutningsgrunnlag i ulike fora
- Det skal vere lav terskel for å vere medlem
- Kjøp av PIN som synleg bevis på medlemsskap (30 kroner)
- Må bevisstgjere medlemmane på at ein faktisk er medlem etter deltaking i ein produksjon
- Ligg eit stort potensiale i dei meir perifere medlemmane i høve det å invitere inn og bruke deira kompetanse
- Medlemsskap er kun viktig i høve det formelle og beslutningar som skal takast. Å utnytte potensialet i dugnadskrefter krev ein oversikt.
- Viktig å avgrensa og finne ein definisjon
- Korleis gje medlemstilbod på kulturarrangement

I gjeldande vedtekter står det slik:

## **§2      *Medlemskap***

*Dei som aktivt deltek i ein av Bomlo Teater sine produksjonar er å rekna som medlemmer.*

*Dersom ein aktør ikkje har vore aktiv på tre år, fell medlemskapet automatisk bort.*

*Styret kan i særskilde høve utesenga personar frå medlemskap for skuld illojal aktivitet.*

*Medlemskap krev ikkje kontingent.*

## **§3    *Årsmøte***

*... Vedtekten skal reviderast annakvart år ...*

### **Styret sitt forslag til vedtak :**


Innspellet vert lagt fram for årsmøtet slik det ligg føre. Årsmøte kjem med innspel til den revisjon av vedtekten som skal skje i 2013.

*Vedtak: Vedteke – samrøystes*

*Årsmøtet slutt 21:00*

  
\_\_\_\_\_  
Linda Hellen

Styreleiar

  
\_\_\_\_\_  
Bjørn Håvard Bjørklund

Referent

